

## Kristin Halvorsen

Verken pr-bransjen eller ordførarkjedet i Oslo freista då Kristin Halvorsen skulle finne nytt beite. Det gjorde derimot den **globale oppvarminga**.

# Møt Cicero-Kristin

## AKTUELL

**Namn:** Kristin Halvorsen  
**Stilling:** Tidlegare SV-leiar, no direktør for Cicero – senter for klimaforsking.

**Aktuell:** Ny jobb samstundes med at FNs klimapanel lanserer den andre delrapporten av den femte klimarapporten sin. Rapporten slår fast at klimaendringar som følgje av utslepp av klimagassar, er i gang på alle kontinent.

Klimaendringane er over oss. Dei gir tørke, ekstrem nedbør og trøbbel med matforsyninga. Og det er berre litt av det dystre innhaldet i rapporten FNs klimapanel la fram denne veka.

**- FN-rapporten slår fast at klimaendringane er i gang i alle verdsdelar og at det må gjeraast noko raskt. Blir du deprimert?**

– Nei, eg får lyst til å jobbe. Klimapanelet slår fast at vi styrar mot ein temperaturauke på mellom 1,5 og 4 grader. Det vil få svært store konsekvensar for naturen. Det blir meir flaum, fleire ras, fiskestammer vil flytte på seg og mange vil få problem med tilgangen til mat, seier Kristin Halvorsen, som nettopp vart utnemnd til direktør for Cicero, eit av landets fremste institutt for klimaforsking. Rapporten frå klimapanelet oppfordrar politikarane til å handle no for å unngå dei mest dramatiske verknadene av klimaendringane.

**Kari Elisabeth Kaski, nestleiar i Zero**  
Cicero spelar ei viktig rolle for å få klimaforskinga ut til folk. Eg håpar ho vil styrke arbeidet deira på det området.



**Eystein Jansen, direktør for Bjerkenesinstituttet**  
Det blir nok ei utfordring å skifte frå politikk til forskingsformidling, men ho har erfaring med forskingspolitikk og forstår skiljelinene.



**Helge Drange, klimaforskar**  
Stort pluss for at ho brenn for klima, er ein dyktig leiar med stort nettverk, talegåver og engasjement. Utfordringa blir å ivareta fagleg truverde i debatten.



– Politikarane har ingen grunn til å nöle med å handle. Cicero si oppgåve er å levere forsking på høgt vitskapleg nivå for å føresjå kva som vil skje og svare på utfordringane.

**– Klimaforskarane peikar på politikarane. Vil du ikkje heller vere der avgjerdene blir tatt?**

– Det er 24 år sidan eg vart vald inn på Stortinget første gong. Eg har vore med på å leggje fram til klimameldingar. Eg er fornøgd med at andre overtek. Alt har si tid.

**– Trur du folk forstår at du ikkje er SV-Kristin lenger og at Cicero ikkje har noko med SV å gjøre?**

– Eg er veldig bevisst på at vi ikkje skal gamble med Ciceros truverde som forskingsinstitusjon. Men hugs at Kåre Willoch var leiar for Fridtjof Nansens institutt frå 1999 til 2001 utan at dei fekk eit Høgre-preg. Det er fleire politikarar som har skifta beite. Eg er også leiar for Bioteknologinemnda. Det var raust av helseminister Høie å spørje meg, og det er vel fordi han trur eg kan heve meg over partipolitikken. Så er det min jobb å leve opp til det.

Tidlegare Cicero-direktør Pål Prestrud skeiv doktorgrad om polarrev. Klimaskeptikarane omtalte han konsekvent som «reveforskar», i eit forsok på å undergrave truverdet hans.

**– Kva trur du klimaskeptikarane seier når ein tidlegare SV-leiar som ikkje er forskar, overtek direktørstolen?**

– Det er forskinga som taler for Cicero. Forskararane våre får ta dei vitskaplege debattane. Sjølv har eg ikkje tenkt å gi skeptikarane vatn må molla. Men eg er ikkje særleg imponert over nivået dei har. Dei er uvitskaplege og dei snakkar bokstaveleg tala mot betre vitande. Dessutan blir det stadig færre av dei.

**– Kvifor vil du jobbe for Cicero?**

– Då eg gjekk ut av politikken måtte eg spørje meg sjølv; kva er det eigentleg eg kan, og kvar kan eg bruke det til noko samfunnsnyttig? Cicero er eit kinderegg for meg i så måte. Cicero er den institusjonen i Noreg som har flest forskarar som bidreg til FNs klimapanel. Det er eit forskingsmiljø i verdsklasse. No har dei levert eit kunnskapsgrunnlag som er så eintydig at ingen som jobbar med temaet twilar på at menneskeskapte utslepp varmar opp jorda.

Halvorsen presiserer at Cicero er ein fri og uavhengig forskingsinstitusjon.

– Eg kan bidra med min kunnskap om korleis forsking kan få relevans for politiske avgjerder. Eg har lest mykje forsking i arbeidet mitt. Når ein arbeider med nasjonalbudsjett, investeringssstrategi for oljefondet eller lærarreform brukar ein eit vell av forsking. Eg kan hjelpe til med å omsette forskarane sine funn slik at det blir forståeleg

for fleire. Dessutan likar eg å jobbe med folk, eg kan politikk og eg har eit stort kontaktnett.

**– Då Pål Prestrud var direktør i Cicero, var han mykje brukt av media. Kan vi vente å sjå mykje til Cicero-Kristin framover?**

– Pål Prestrud er forskar. Eg synest det er svært viktig at forskarane sjølv kjem til orde og snakkar om arbeidet sitt. Men eg har mykje medieerfaring, så eg kan hjelpe til med korleis ein når ut. Cicero har mange gode formidlarar i dag.

**– Du har lett for å komme til orde?**

– Dette er eit tema vi får handtere underveis. Eg har ikkje noko personleg behov for å vere i media heile tida. Det er viktig å halde fast på at Cicero er eit forskingsinstitutt og skal halde høg vitskapleg standard.

**– Forskarane seier ofte at politikarar tenker så kortsiktig. Trur du at du kjem til å tenke annleis om politikarar no?**

– Det håper eg. Det er mykje kortsiktigheit i politikken. Dagen i dag stel merksemd frå det som skjer på lang sikt. Klimaforskarane er med på å skape eit handlingsrom slik at politikarane kan tenke meir langsiktig. Når rapporten til FNs klimapanel fortel om korleis ting kan sjå ut i 2050 og i 2100, så er det i seg sjølv med på å skape meir rom for langsiktig tenking.

**– Du har vore finansminister og veit betre enn dei fleste kva rolle olja spelar i norsk økonomi...**

– Olje og gass er viktig for Noreg, men det er mindre viktig enn det mange trur. Berre 10 prosent av Noregs nasjonalformue er olje og gass. 80 prosent er folk og vår kunnskap og arbeidskraft. Historia om norsk olje kan bli historia om nokre få Gatsby-år der alle levde i sus og dus og overflod. Elles kan det bli ei historie om korleis vi kom oss vidare og tok med oss kunnskap og ressursar til ei grøn omlegging av samfunnet.

**– Fekk du tilbod frå pr-byrå då du gjekk ut av regjeringa?**

– Det har eg ingen kommentar til. Det var heller aldri aktuelt for meg.

**– Kvífor ville du ikkje bli ordførarkandidat i Oslo. Fleire tidlegare partileiarar har prøvd det?**

– Nettopp difor freista det ikkje. Som tidlegare partileiar skal ein ikkje blande seg opp i alt. Når eg har sett på alle sprett og sprell frå Carl I. Hagen, har det minna meg om at eg skal gjere det motsette når eg no er ute.

**– Kva blir det vanskelegaste i den nye jobben?**

– Eg har ikkje byrja enno, så akkurat no trur eg absolutt alt blir bra.

**ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK**  
astrid.dypvik@nationen.no



## MIDRE VIKTIG

Olje og gass er viktig for Noreg, men det er mindre viktig enn det mange trur.

KRISTIN HALVORSEN  
DIREKTØR FOR CICERO



## Tett på

### 1 Kva har du vore mest opptatt av sist veke?

Ny jobb. Eg har bruk mykje tid på å lese klimaforsking. Har tenkt på korleis eg kan jobbe, men skal snakke med tilsette og styret først.

### 2 Kva ville du ha gjort om du var statsminister for ein dag?

Eg ville ha oppdatert klimapolitikken og heva ambisjonsnivået.

### 3 By eller bygd?

Eg har budd i Oslo sentrum sidan 1980. Men eg er frå Porsgrunn og har hytte i Bygde-Noreg. Kan eg seie begge deler?

### 4 Har du ein favorittstad i Noreg?

Favorittstaden min er der mannen og barna mine er.

### 5 Då har du vel svart på neste spørsmål: Kven blir med til favorittstaden?

Eg er meir opptatt av folka eg har rundt meg enn staden eg er på.

**Raudt lys:** Nyslått Cicero-direktør Kristin Halvorsen blir ikkje deprimert av FNs klimapanel varslar om ekstremvêr og matmangel. Ho får lyst til å jobbe.